

Til
Hordaland fylkeskommune

Aurland, 04.09.2015

Nynorske litteraturdagar
v/ prosjektleiar Torunn Todal Laberg
c/o Nærøyfjorden verdsarvpark, Heradshuset
5745 Aurland
Epost: torunn@naroyfjorden.no
Tlf: 957 95 911

Søknad om stønad til Nynorske litteraturdagar 2015

Nynorske litteraturdagar er ein liten og intim litteraturfest, fullspekka med kjende og ukjende forfattarar og andre aktørar. Hovudtyngda av arrangementa våre finn stad i Flåm og Aurland. I år kan Nynorske litteraturdagar feira 10 år, noko me sjølvstøtt ønskjer å markera i samband med arrangementet som vil gå av stabelen 30. oktober - 1. november. Det som i tillegg er spesielt med dette året er at Nærøyfjorden verdsarvpark har inngått ein avtale med Aurland kommune om å ta på seg oppdraget å administrera, planlegga og gjennomføra arrangementet. Føremålet med den nye organisasjonen er å vidareføra alt det som har vore godt med arrangement, og utvikla det vidare til beste for lokalsamfunnet og *regionen elles*. Musikk, kunst og humor vil som før spela ei sentral rolle, og den lokale og regionale forankringa vil vera like viktig. Eit fast innslag kvart år har vore arrangement på skulane - og eit ønske frå vår side i år er å utvida dette arrangementet til å gjelda også skulane i dei andre verdsarvkommunane så langt dette let seg gjera.

Visjonen til Nynorske litteraturdagar er som tidlegare forankra i slagorda "Folkeleg - Raus - Levande". Me ønskjer å utvikla eit program som legg til rette for at flest mogleg kan ta del i det. Me ønskjer ein folkeleg profil med låg deltakarterskel. På same tid er det viktig for oss å formidla god litteratur på nynorsk, i tillegg til andre gode kulturopplevingar som musikk og kunst. Og planlegginga av programmet er no i slutfasen, med gode namn på plakaten - me vil difor jobba hardt framover for å få det økonomiske på plass.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare uttrykt ønske om å bli involvert i Nærøyfjorden verdsarvpark sitt arbeid. Voss kommune er også den eine av stiftarkommunane, og me hentar difor fleire av aktørane til årets festival frå Voss og Hardanger. Nynorske litteraturdagar er ein del av satsinga til verdsarvparken som kjem innunder "immateriell kulturarv" – og me har ambisjonar om å involvera regionen rundt Aurland og Flåm i større grad enn tidlegare. Me søker difor Hordaland fylkeskommune om det same beløpet som Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta oss med: kr 75 000 Sjå vedlagt rekneskap for oversikt over rekneskapen siste tre år, og budsjett for 2015.

Det er no ny prosjektleiing på plass for arrangementet, og fokuset på profilering og synleggjering vil bli mykje større. Hordaland fylkeskommune kan vera trygge på å bli løfta fram som støttespelar på beste vis både i sosiale media, på nettsida og i festivalavisa.

Med beste helsing

Torunn Todal Laberg
Prosjektleiar for Nynorske litteraturdagar

Opplysingar om søkar:

ORG.NR: 992 413 999

NAMN: Nynorske litteraturdagar v/ Nærøyfjorden verdsarvpark

Adresse: Heradshuset, 5745 Aurland

KONTONR: 3745.30.15840

Vedlegg:

- 1) Rekneskap 2012, 2013, 2014
- 2) Budsjettskisse 2015

Vedlegg 1 - REKNESKAP 2012, 2013, 2014

	Budsjett 2014	Regnskap 2014	Regnskap 2013	Regnskap 2012
Ansvar: 900 NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER				
Funksjon: 36520 NYNORSKE LITTERATUTRDAG				
10111 FAST LØN - KOMM.REGULATIV	200.000	224.000	0	0
10300 EKSTRAHJELP	0	34.461	20.613	27.205
10400 OVERTID	0	0	11.950	0
10500 ANNA LØN OG TREKKPL.GODTGJERS	0	6.000	0	0
10550 ANNA LØN - HONORAR	0	25.600	21.500	10.600
10599 ANNA LØN - DIVERSE	0	1.543	0	2.000
10911 PENSJONSINNSKOT - KOMM.TILSETTE	0	33.462	2.776	0
10921 GRUPPELIV- OG ULUKKESFORSIKRIN	0	1.319	0	0
10922 GRUPPELIV- OG ULUKKESFORSIKRI	0	243	0	0
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	0	34.597	6.014	4.219
11020 FORBRUKSMATERIELL	0	0	0	4.430
11150 MATVARER	0	2.947	0	0
11172 SERVERING MØTER/UTVAL/ORG./RÅD	0	673	49.415	84.484
11212 PLAST OG PAPIR	0	0	0	1.866
11260 VARER FOR VIDARESAL/-FORDELING	0	0	0	17.507
11311 PORTO	0	0	2.063	3.784
11411 STILLINGSANNONSER	0	4.720	0	0
11421 MARKNADSFØRING	0	0	230.287	278.006
11512 REISEUTGIFTER/OPPHALD (IKKE OPP	0	50.975	97.823	83.183
11600 KØYREGODTGJERSLE - TENESTEREI	0	5.084	1.418	2.009
11611 DIETTGODTGJERSLE - TENESTEREIS	0	5.347	195	0
11810 STRAUM	0	0	0	2.110
11910 HUSLEIGE	0	3.929	0	0
11960 AVGIFTER OG GEBYR	0	5.108	0	9.353
11969 ANDRE GEBYR	0	0	0	2.360
11982 LISENSAR	0	0	5.935	13.535
12029 ANNA UTSTYR	0	0	2.392	590
13310 KJØP AV TENESTER FRÅ FYLKESKOM	0	2.000	0	0
13710 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	200.000	660.030	589.096	762.927
14290 MVA.PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE KJØ	0	27.333	127.610	153.744
16200 ANNA AVGIFTSFRITT SAL AV VARER/TE	0	500	-131.750	-117.890
16290 BILLETINNTEKTER	0	-56.285	-154.105	-366.395
16500 AVG.PL.SAL AV VARER OG TENESTER	0	-13.687	-35.500	-43.492
17019 ANDRE TILSKOT FRÅ STATEN	0	-64.000	-40.000	-96.000
17290 KOMP.FOR MVA.UTGIFTSFØRT I DRIFT	0	-27.333	-127.610	-153.744
17719 ANDRE REFUSJONAR OG OVERF. FRÅ	0	-542.000	0	-18.442
18310 OVERFØRT FRÅ FYLKESKOMMUNEN	0	-100.000	-200.000	-100.000
19510 BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	-400.000	-400.000	-400.000	-400.000
Sum funksjon: 36520 NYNORSKE LITTERATUTR	0	-73.435	80.121	167.949
Sum ansvar: 900 NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFT	0	-73.435	80.121	167.949
T O T A L T	0	-73.435	80.121	167.949

Vedlegg 2: Budsjett NL 2015

Kostnader Nynorske litteraturdagar 2015:		1 097 000	
Administrasjon og arbeidskostnader:		192 000	
Marknadsføring		227000	
	Trykking/materiell		90000
	Annonsering		70000
	Tenester		
	Ny profil		24500
	Festivalavis		26900
	design festivalavis		15600
Arrangement		578000	
	Lokalleige		20000
	Honorar aktører		278000
	Reisekostnader		40000
	Overnatting		50000
	Mat aktører		40000
	Lyd og lys		50000
Forventa tillegg		100000	
	Diverse		100000
Inntekter		940000	192000
Billettsal		150000	
Sponsorar/tilskot		290000	
Kommunen		400000	
	SogF fylkeskommune		75000
	NK: Festivalfond		80000
	Aurland energi		10000
	Eco		25000
	Annonsinntekter		50000
	Aurland sparebank		50000
Eigeninnsats		100000	
Utestående		157000	

Andre samarbeidspartnarar:

Nærøyfjorden verdsarvpark
Aurland kommune
Aurland sparebank - hovudsponsor
E-Co
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Norsk kulturråd